

Til

Familie- og kulturkomiteen

### **Tilgang til e-bøker i norske folkebibliotek**

Fylkesbiblioteksjefkollegiet ser med uro på at det ikkje finst ein avtale som sikrar utlån av e-bøker i folkebiblioteka i framtida. Partane må kome fram til ein modell som balanserer biblioteka sitt behov for eit godt tilbod til sine lånarar, bokbransjen sitt behov for ein kommersiell e-bokmarknad og rettigheithavrane sitt krav om godt økonomisk vederlag. For biblioteka er det viktig med litterær bredde, tilgang til kulturarven, forutseileg økonomi og eit utlånssystem som ikkje krev ekstra investeringar og personalressursar.

Fylkesbiblioteka har tatt på seg ei utviklar- og koordineringsrolle for å sikre innbyggjarane tilgang til e-bøker i biblioteka, uavhengig av kommunestorleik og ressurstilgang. Det er etablert konsortium for innkjøp av e-bøker i alle fylke, og fylkeskommunane har i spleiselas med kommunane, finansiert ein stor del av kostnadene til utlånssystem og innkjøp.

E-bøker er supplement til folkebiblioteka sine andre tilbod om utlån av bøker. Nasjonal bibliotekstatisikk viser at utlån av e-bøker utgjorde 2,7% av det totale bokutlånet i 2015.

Det er 460 000 lånarar av e-bøker i det største utlånssystemet (eBokBib). Nærarar halvparten av lånarane er over 50 år, og av desse er kvinner den største gruppa. E-bøker blir lånt av dei som elles låner bøker på biblioteket, men er særleg verdifult for dei som ikkje har tilgang til bibliotektenester, eller har utfordringar med vanleg skriftstorleik. Tilgang til e-bøker på norsk er også eit språkpolitisk verkemiddel. Folkebiblioteka kan marknadsføre desse som motvekt til den store marknaden med engelskspråklege e-bøker.

Tilgang til e-bøker i folkebiblioteka er ikkje berre kultur- og språkpolitikk, men også distrikts og miljø-politikk.

På vegne av fylkesbiblioteksjefkollegiet, samla til møte i Asker 25.oktober 2016,  
Ruth Ørnholts  
Leiar

Kopi til:

Kulturdepartementet

Kulturrådet

Nasjonalbiblioteket

Den norske Forleggerforening

Den norske Forfatterforening